Vest-Telemark rådet

samarbeid på alle område og alle plan

Til ordførarane og rådmennene i kommunane:
Fyresdal, Kviteseid, Nissedal,
Seljord, Tokke og Vinje.

31. januar 2014

Innkalling til rådsmøte

Stad: **Quality Straand Hotel, Vrådal**
Dato: **Torsdag 6. februar 2014**
Kl. slett: **13.00**

Det vert no kalla inn til eit kort rådsmøte i samband med Vest-Telemarkkonferansen 6. februar.
Vi har sett av ein times tid til møtet, og minner om at registreringa startar kl. 13.30 og at sjølve opninga av konferansen finn stad kl. 14.30.
Vi viser elles til vedlagte sakliste og saksframlegg og ynskjer vel møtt i Vrådal 6. februar.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Jon Svartdal (sign)
Regionordførar

Kjell Gunnar Heggenes
Regionrådsleiar

Telefon: 350 68400
Fax: 350 68401
E-post: vtr@vest-telemark.no
Web: www.vest-telemark.no
Bank: 2660.65.03724
Adresse: Granlivegen 1A
Veksthuset
3850 KVITESEID

Sakliste til rådsmøte 6. februar 2014

Sak 19/2014 Referat frå rådsmøte 21. januar 2014

Sak 20/2014 Utsett sak. Val av representantar til styret for bomselskapet Odda Vegfinans AS
(Gjeld kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje)

Sak 21/2014 Utviklingsplan 2014 – 2016 for Sykehuset Telemark.
Forslag til uttale

Sak 22/2014 Brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk.
Forslag til uttale

Sak 23/2014 Revidert fylkesvegplan (ATP). Mogleg felles/samordna høyringsuttale frå Vest-Telemark. Forslag til prosess.

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 21. januar 2014.

Tilstades: Regionordførar Jon Svartdal, Erik Skjervagen,Hilde Alice Vågslid, Arne Vinje, Halvor Homme, Per Dehli, Ketil Kiland, Brit Houge, Hans Kristian Lehmann, Sverre Sæter, Hans Bakke, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 07/2014 Referat frå ekstra rådsmøte 8. januar 2014.
Vedtak: Referat frå ekstra rådsmøte 8. januar 2014 vart samrøystes godkjent.

Sak 08/2014 Framtidig behov for arbeidskraft innafor omsorgsfaga - ei utfordring for kommunane. Orientering v/Lars Torstein Momrak, Vest-Telemark vidaregåande skule.
Lars Torstein Momrak frå Vest-Telemark vidaregåande skule var tilstades og informerte om det framtidige behovet for omsorgspersonell i kvar enkelt kommune. Ein er heilt avhengig av tilstrekkeleg antal praksisplassar/lærlingeplassar, noko som er ei utfordring for kommunane. Dette er ei viktig sak for å rekruttere framtidig omsorgspersonell, og for å behalde ungdomen i regionen. Dersom ein ikkje lukkast vil det etterkvart også gå ut over undervisningstilbodet i regionen.
Momrak sette fram eit sterkt ynskje om at alle kommunane får til ei politisk forankring om retten til læreplassar, og at kommunane melder tilbake at dei tek utfordringa.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 09/2014 Styrerepresentasjon i ulike selskap med kommunalt eigarskap.
Etter vedtak i Vest-Telemarkrådet 19. mars 2013 låg det føre notat frå rådmennene med oversikt over dei ulike selskapa der kommunane er inne på eigarsida. Ketil Kiland, som hadde utarbeidd notatet, gjorde nærare greie for innhaldet i notatet. Det vert tilrådd at Vest-Telemarkrådet tidleg på året drøftar styrerepresentasjonen i dei ulike selskapa. Ein vil på den måten kunne gje signal til dei enkelte valkomitéane. Likeeins er det viktig å ha ei offensiv haldning til kvinnerepresentasjon i dei ulike styra.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek det framlagte notatet til vitande. Arbeidsutvalet får i oppdrag å utarbeide forslag til nærare rutiner for representasjon og oppdatering av selskapsavtalene i samband med representasjonen. AU kan knyte til seg andre aktuelle personar i dette arbeidet. Samrøystes vedtak.

Sak 10/2014 Val av representantar til styret for bomselskapet Odda vegfinans AS.
Det låg føre brev frå dagleg leiar i Odda vegfinans, Børge Skårdal, adressert til kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje. I samband med at noverande styremedlem Solveig Sundbø Abrahamsen har bedt om avløysing, ber Skårdal dei 4 kommunane nominere eit nytt styremedlem til bomselskapet.
Vedtak: Saken vert utsett til neste rådsmøte 6. februar

Sak 11/2014 Telemark Bilruter AS, etablering av nettverk.
Etter vedtak i rådsmøte 8. januar om å utvikle eit nærare samarbeid mellom Telemark Bilruter og Vest-Telemarkrådet, herunder forslag om å opprette eit nettverk bestående av representantar frå dei 2 partane, la regionordførar fram forslag til samansetnad av eit slikt nettverk.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet viser til vedtak i sak 03 i ekstra rådsmøte 8. januar 2014 og opprettar eit permanent nettverk med representantar frå Telemark Bilruter og Vest-Telemarkrådet.
Frå Telemark Bilruter deltek 2 personar, herunder dagleg leiar.
Frå Vest-Telemarkrådet deltek regionordførar, regionvaraordførar, og regionrådsleiar.
Nettverket kan utvidast etter behov, og skal mellom anna ha som mandat å bidra til auka informasjon og dialog med aktuelle politiske og administrative nivå. Samrøystes vedtak.

Sak 12/2014 Utviklingsplan 2014 - 2016 for Sykehuset Telemark. Innspel i samband med høyringsuttale.

Til stades i denne saken var overlege Ragnhild Aarrestad, Kjell Hartberg, Astrid Bye Ramberg og Eilev Erikstein.
Innleiingsvis orienterte Ragnhild Aarrestad nærare om korleis DPS fungerer. Ein har ansvaret for mange kommunar og meiner at ei flytting til Notodden vil virke negativt både for brukarane og for distriktet generelt. Fagmiljøet vært redusert, og ein er redd for at det kan oppstå vanskar med rekrutteringa. Sårbare pasientgrupper med langvarige og komplekse lidingar er avhengig av god samhandling mellom ulike aktørar. Den personlege kontakten er den viktigaste reidskapen ein har sa Aarrestad og la til at slik kompetanse må haldast vedlike i samhandling rundt dei enkelte pasientane.
Vidare vil ei flytting frå Seljord til Notodden innebere auka reisetid for pasientane.
Aarrestad imøtegjekk også påstandane i rapporten om at endringane ikkje vil føre til eit fagleg svekka tilbod. Det vart også peika på at lokala på Notodden ikkje er godt eigna og dermed vil trenge betydelege investeringsmidlar. I Seljord har ein også eit romsamt utemiljø som er av betydning for pasientane.
Det er i dag eit saumlust samarbeid mellom DPS og kommunane, dette blir truleg vanskeleggjort med auka avstand. Det er økonomi som styrer saken, og dersom Notodden Sjukehus dei næraste åra skulle bli nedlagt vil dette innebere at DPS vil ligge lengst mogleg vekk.
Vedtak: Med grunnlag i orienteringa i møtet, uttaleforslaget frå Seljord samt innspel frå dei andre kommunane i Rådet, vil det bli utarbeidd forslag til uttale frå Vest-Telemarkrådet.
Forslaget leggast fram for Rådet 6. februar for endeleg godkjenning.Samrøystes vedtak..

Sak 13/2014 Forslag til endring i presteressursane og prostistrukturen i øvre Telemark.

Det låg føre høyringsbrev frå Agder og Telemark bispedømmeråd med forslag til endringar innan presteressursane i Aust-Telemark prosti og Vest-Telemark prosti. Forslaget inneber mellom anna at dei 2 prostia vert slegne saman til "Øvre Telemarki prosti" med prostesete lagt til Seljord.
Etter inneleiande drøfting i forrige rådsmøte var Tokke kommune bedt om å lage utkast til uttale. Slikt forslag vart lagt fram på rådsmøtet og rådmann Brit Houge orienterte nærare om forslaget.
Vedtak:Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale. Samrøystes vedtak.

Sak 14/2014 Orientering frå Telemark fylkeskommune - endringar innan dei regionale midlane og prosjektet "De gode hjelperne".

<u>Endringar innan dei regionale midlane.</u>
I denne saken møtte næringsansvarleg i Seljord kommune, Asbjørn Storrusten.
Med utgangspunkt i at det er varsla kutt i dei regionale midlane for 2014, orienterte Geir Morten Johansen frå Telemark fylkeskommune nærare om saken.
Telemark har fått ein reduksjon på 15 mill kroner i regionale utviklingsmidlar for 2014. Det blir hardare prioritering, og ein ser for seg ei spissing mot entreprenørskap og innovasjon, næringsretta kompetanse, næringsretta infrastruktur og næringsretta innovasjonsmiljø.
Ein del av ramma for 2014 er dessutan allereie bunde opp, deriblant midlar til Innovasjon Norge
Det ligg truleg også an til reduksjon frå 50 % til 35 % i fylkeskommunal andel i aktuelle prosjekt.

<u>Prosjektet "De gode hjelperne".</u>
Det låg føre invitasjon frå Telemark fylkeskommune til alle kommunane om å delta i forstudiet "De gode hjelperne", som har som siktemål å finne fram til aktuelle institusjonar/personar som kan hjelpe til *"med å etablere bedrift og vidareskape desse i ein internasjonal setting".*

I denne prosessen er det mogleg å dra inn oppgåver som ein likevel skal løyse og dermed auke finansieringsgrunnlaget.
Det er viktig å ha stor fokus på samhandling og utvikling/deling av kompetanse, noko som er avgjerande i prosessen med å søkje om moglege nasjonale og internasjonale verkemiddel.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.
Rådet ber regionrådsleiar vera kontaktperson med tanke på å velje representant frå Vest-Telemark til prosjektet "De gode hjelperne".

Sak 15/2014 Samhandling om ressursar og kompetanse i Telemark. Orientering ved John Atle Holmberg frå Telemark Turistforening.

I denne saken møtte også næringsansvarleg i Seljord kommune, Asbjørn Storrusten.
Med utgangspunkt i eit møte med dei næringsansvarlege i oktober 2013, var dagleg leiar i Telemark Turistforening invitert til rådsmøtet for å informere nærare om samarbeidet mellom fylkeskommunen, kommunane og dei frivillige organisasjonane. Samarbeidet er særleg knytt opp mot felles finansiering og tilrettelegging og omfattar såvel folkehelse som friluftsliv og reiseliv i fylket. Ei viktig målsetting for turistforeningen er å styrke friluftslivet og få flest mogleg ut på tur. Ein kan vise til gode finansieringsordningar der kommunane bidreg med 25% (som også kan bestå av bidrag frå andre prosjekt som t.d. vandreregionen). Fylkeskommunen legg også inn 25 % medan Gjensidigestiftelsen står for dei resterande 50%. Dugnadsinnsatsen vert sett til 100%.
TTF har på denne måten tilført fylket 2,5 - 3 mill kroner i reine midlar og døme på realiserte prosjekt er: Gaustadtoppen, Venelifjell, Kyststi Telemarkskysten, Lifjell Aktivitetssenter, Svanstul med fleir.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 16/2014 Brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk. Høyring.

Det låg føre invitasjon til å uttale seg i høve til ny organisering av brann- og redningsvesenet på nasjonalt plan. Høyringsfrist er sett til 17. februar 2014.
I denne saken var brannsjef Tore Metveit tilstades og orienterte nærare om saken.
Metveit er samd i noko, men ikkje i alt. Deriblant at små einingar har for få hendingar. Han trur heller ikkje på at store einingar er betre på spesialisering enn mindre einingar. VT Brannvesen har eit godt samarbeid med el-tilsynet, noko som også har vore intensjonen med brannsamarbeidet. Utviding av brannsamarbeidet i VT kan halde fram - det er ikkje noko i meldinga som hindrar denne prosessen.
Brannvesenet er den av redningsetatane som fungerer best og alltid er fyrst ute på hendingane.
Av dei skisserte forslaga til framtidig organisering tilrådde Metveit modell nr 3.
Vedtak: Vest-Telemark rådet tek orienteringa til vitande. Rådet ynskjer å gje uttale i saken og brannsjef Tore Metveit får i oppdrag å lage forslag til uttale som leggast fram for godkjenning i møtet 6. februar i Vrådal. Samrøystes vedtak.

Sak 17/2014 RV 36 Bø - Seljord. Detaljreguleringsplaner for Stodi, Bukti og Bjørge - offentleg ettersyn.

Det låg føre brev frå Statens vegvesen av 17. desember 2013 med invitasjon til å gje uttale til 3 detaljreguleringsplaner gjeldande strekningane Stodi, Bukti og Bjørge på RV 36.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet viser til viktigheten av å auke vegbreidda til 8,5 meter slik at dette vert minste gjennomgåande vegbreidde på RV 36.
Rådet ser dei føreslegne vegløysingane i form av tunnelar ved Bukti og Bjørge som gode løysingar, og har ikkje detaljerte merknader utover dette.
Vest-Telemarkrådet har tidlegare slutta seg til prinsippet om finansiering ved hjelp av bompengar, og ber Statens vegvesenhalde oppe god framdrift slik at prosjekta kan realiserast så snart som råd. Samrøystes vedtak.

Sak 18/2014 Orienteringssaker.

Utviklingsprogrammet for byregionar - orientering frå møte 9. januar.
Regionrådsleiar orienterte nærare frå møtet i Skien 9. januar der det i tillegg til fylkeskommunens folk møtte representantar frå dei 4 regionane.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

KID-midlar 2014, orientering frå møte 9. januar.
Regionrådsleiar orienterte frå eit møte med representantar frå Telemark fylkeskommune 9. januar.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Domstolstruktur, orientering frå møte 13. januar.
Erik Skjervagen, Hans Bakke og Kjell Gunnar Heggenes var tilstades på møte i Kviteseid 13. januar mellom jordskifteretten/tingretten samt representantar frå kommunane i Hallingdal.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande. Ein vil invitere Tingretten/jordskifteretten til rådsmøtet 18. mars i Vest-Telemarkrådet der også stortingsrepresentant Lene Vågslid vert invitert.

Mogleg møte med IMDI og Husbanken.
I høve til eit mogleg nytt møte med IMDI der også Husbanken er med, får regionrådsleiar i oppdrag å kontakte IMDI med tanke på å finne felles møtedato utanom rådsmøtedatoane.

Førespurnad frå Politiets Fellesforbund.
Det har kome henvending frå Politiets Fellesforbund i Telemark om eit mogleg møte med ordførarane. Kommunane har gjeve uttale i saken og ein vil ha vidare dialog for å finne nærare ut av behovet er for eit slikt møte.

Endringar i tannhelsetilbodet.
Halvor Homme stilte spørsmål om tannhelsetilbodet er i ferd med å bli lagt ned i distrikta. Det synest vera negativ haldning til dei små kontora.
Dette spørsmålet bør opp på eit seinare rådsmøte og Rådet vil invitere fylkestannlegen for å få nærare dialog om spørsmålet.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes

Sak 20/2014 Utsett sak.
Val av representantar til styret i bomselskapet Odda Vegfinans AS
(Gjeld kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje)

Bakgrunn:
I møte 21. januar 2014 handsama Vest-Telemarkrådet sak om val av ny representant til styret i bomselskapet Odda Vegfinans AS etter at Solveig S. Abrahamsen har bedt om avløysing.
I brev frå bomselskapet er dei 4 kommunane bedne om å nominere nytt styremedlem og av omsyn til kjønnsbalansen må dette vera ei kvinne.
Saken vart i møtet utsett til 6. februar.

Forslag til vedtak:
Kommunane Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje nominerer …… som Vest-Telermarkkommunanes kandidat til styret i Odda Vegfinans for perioden 2014 – 2015.
Som personleg vararepresentant nominerer ein ordførar Arne Vinje.

Sak 21/2014 Utviklingsplan 2014 – 2016 for Sykehuset Telemark Forslag til uttale.

Bakgrunn:
I høyringsbrev frå Sykehuset Telemark datert 17. desember 2013 vert mellom andre Vest-Telemarkrådet invitert til å kome med innspel til *Utviklingsplan 2014 – 2016 for Sykehuset Telemark.* Uttalefristen er sett til 1. mars 2014.

Saken var oppe til handsaming i rådsmøte 21. januar 2014, der Rådet mellom anna fekk nærare orientering om konsekvensane planen medfører for Distriktpsykiatrisk senter i Seljord. Det låg også føre utkast til høyringsuttale frå Seljord kommune.

Det vart gjort slik vedtak:
"Med grunnlag i orienteringa i møtet, uttaleforslaget frå Seljord samt innspel frå dei andre kommunane i Rådet, vil det bli utarbeidd forslag til uttale frå Vest-Telemarkrådet. Forslaget leggast fram for Rådet 6. februar for endeleg godkjenning. Samrøystes vedtak."

Forslag til uttale frå Vest-Telemarkrådet ligg vedlagt.

Forslag til vedtak:
Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale til Utviklingsplan 2014 – 2016 for Sykehuset Telemark.

Høyringsdokument for utviklingsplanen 2014-2016 frå Sykehuset Telemark HF finn de på www.sthf.no eller ved å klikke her.

Vest-Telemarkrådet er regionalt samarbeidsorgan for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Regionrådet samarbeider på alle område og alle plan, og er høyringsorgan saman med dei enkelte kommunane.

Utviklingsplan 2014 – 2016 for Sykehuset Telemark - Høyringsuttale frå Vest-Telemarkrådet

Vi viser til høyringsbrev datert 17. desember 2013 gjeldande Utviklingsplan 2014 - 2016 for Sykehuset Telemark.
Vest-Telemarkrådet vil i si uttale ha særskilt fokus på Distriktspsykiatrisk senter i Seljord. Dagens ordning inneber at Seljord har DPS akutt og døgn, samt rus i tillegg til ambulant-teneste.
Ordninga dekker kommunane: Bø, Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Notodden, Sauherad, Seljord, Tinn, Tokke og Vinje, og vert av kommunane oppfatta som ei god ordning for brukarane.
DPS i Seljord har eksistert sidan 1998 og har i desse åra opparbeidd eit svært godt fagmiljø og nær kontakt med kommunane. Institusjonen har såkalla brukarstyrte sengepostar, der pasientane kan legge seg inn sjølve. Dette gjev ein tryggleik for den enkelte pasient og reduserer trongen for mogleg tvangsinnlegging. Ordninga er av uvurderleg verdi for dei det gjeld, men synes ikkje vera vektlagt i planen.
Lokaliseringa i Seljord har også vist seg å vera optimal med tanke på reiseavstand frå alle kommunane.
Seljord er dessutan den einaste avdelingen som ikkje treng investeringsmidlar uansett val av løysing. Ved å flytte aktivitet til Notodden krev dette reetablering av ein sengepost med tilhørande investeringar. Vi nemner også at vi oppfattar anslaget på 25 mill kroner ved eit mogleg sal av bygningsmassa i Seljord som heilt urealistisk.

Rapporten peikar på at ei vidareføring av dagens tilbod (lokalisering i Seljord), er best for pasientar med mange opphald/behandlingstiltak. Dette pga. kort reiseavstand.
Vidare går det fram at ei flytting skaper uro og vanskeleggjer samhandlinga mellom sjukehus og kommune. I tillegg gjev dette større avstand for dei involverte samarbeidspartane i regionen.
Rapporten inneheld såleis tunge argument for at tenesten i Seljord skal halde fram som i dag, og forslaget om flytting til Notodden synes ikkje å vera i tråd med argumenta.
Vest-Telemarkrådet set seg såleis sterkt imot å flytte døgnsenger psykiatri frå Seljord til Notodden.
Vi viser også til utviklingsplanens uttrykte strategi om berre å:
"*sentralisere det ein må"* og *"desentralisere det ein kan."*
Dette bygger under vår argumentasjon for å behalde, og gjerne auke omfanget av desse tenestene i Seljord.

Venleg helsing

Vest-Telemarkrådet

Halvor Homme Arne Vinje Hilde Alice Vågslid Erik Skjervagen
Torstein Tveito Jon Svartdal Kjell Gunnar Heggenes

Sak 22/2014 Brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk. Forslag til uttale.

Bakgrunn:
I høyringsbrev frå Justis- og beredskapsdepartementet datert 13. desember 2013, vert mellom andre kommunane invitert til å uttale seg om rapport frå arbeidsgruppe som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk.
Høyringsfrist er sett til 17. februar 2014.

I møte i Vest-Telemarkrådet 21. januar 2014 var saken oppe til drøfting der ein også fekk ei nærare orientering av brannsjef Tore Metveit i Vest-Telemark Brannvesen.
Det vart gjort slikt vedtak:
"Vest-Telemark rådet tek orienteringa til vitande. Rådet ynskjer å gje uttale i saken og brannsjef Tore Metveit får i oppdrag å lage forslag til uttale som leggast fram for godkjenning i møtet 6. februar i Vrådal. Samrøystes vedtak."

I tråd med vedtaket 21.januar legg ein no fram forslag til uttale i saken. Forslaget til uttale ligg som vedlegg.

Forslag til vedtak:
Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale slik det ligg føre.

Dei aktuelle rapportane/analysene er å finne i fylgjande lenker:
http://www.dsb.no/Global/Brannvern/Dokumenter/Rapport - Brannstudien.pdf

http://www.regjeringen.no/pages/38563895/Samfunnsokonomisk_analyse_brann.pdf

http://www.regjeringen.no/pages/38563895/Samfunnsokonomisk_analyse_110-regionene.pdf

Vest-Telemark
Brannvesen

c/o VTK
3891 HØYDALSMO

Telefon: 35 07 57 11
Telefaks: 35 07 57 35
E-post: post@vtbv.no
Org. nr.: 994 517 139 mva

Justis-og bredskapsdepartementet
Postboks 8005, dep
0030 OSLO

Vår ref: T. Metveit Dato: 31.01.14

Kommentarar til "brannstudien" utgitt 02.12.13

Den nedsatte arbeidsgruppa for utarbeiding av "brannstudien" la fram sin rapport datert 02.12 13.

Denne har styret i Vest Telemark Brannvesen som består av kommunane: Vinje-Tokke-Fyresdal-Nissedal-Kviteseid og Seljord hatt til gjennomgang saman med eit av medlemmene i arbeidsgruppa 08.01.14.

Styret ga brannsjefen mandat til å skrive ei høyringsuttale som skal behandlast i Vest Telemarksrådet 06.02.14

KONKLUSJON

I dag har dei seks kommunane i vår region slått seg saman når det gjeld forebyggande og feiing. Ein har før brannstudien gjort eit stykke arbeid for å ta inn beredskapsdelen i samarbeidet for å få eit fullverdig brannvesen.
Dette arbeidet vil ein nå ta opp igjen etter at ein ser at brannstudien ikkje rokkar ved dimensjoneringa av brann og redningsvesenet.
Ansvarsforholda i brannordninga er også uendra ved at ansvaret framleis skal vera kommunalt.
Ein har for denne regionen gjennomført risiko og sårbarhetsanalyse slik at brann og redningsvesenet kan få ei korrekt dimensjonering.
Denne må godkjennast i kommunestyra.
Vår region har ein geografisk størrelse som er noko over halve Telemark fylke i areal og vi meiner såleis at storleiken på ein region ikkje bør vera større enn dette.

RAPPORTEN

Rapporten peikar på ein del ting som kan forbetrast frå dagens modell for organisering som ein vel å kalle alternativ 0. Alternativ 0 blir ”lagt dødt”.
Vidare har ein valt tre modellar, fylkesvis- regionvis og kommunesamarbeidsmodell.
Det synes som om arbeidsgruppa i liten grad har tatt omsyn til at det i alle småkommunar er deltidsmannskap i ca. 1,5 % stillingar. Dette er viktig omsyn å ta når ein f.eks skal sjå på rekruttering av mannskap til eit av vesena i regionen.
Rapporten peikar på at det bør bli store einingar for å få fagmiljø og robusthet både på leiarsida og forebyggande avdeling.
Det blir vidare peika på leiing og samhandling mellom nødetatar som forbetringsområde, noko som også knyttast til nødnettutbygginga og idriftsetjing av dette.
Det blir også sagt at utviklinga visar at det blir stadig større og meir kompliserte hendingar i framtida. Dette gjeld både klimastyrte hendingar og andre ulykkeshendingar. God leiing er då svært viktig for å håndtere desse.
Arbeidsgruppa peikar også på spesialisering som eit moment i rapporten.

Ein ser at brannstudien er svært bastant i høve til etablering av 110 distrikt, med påstand om innsparingar på mange hundre millionar på dette området.
Framstillinga framstår som lite nyansert fordi, med ei landsdekkande brannordning som har eit årleg budsjett på over 4 milliardar, kan ikkje ei årleg innsparing på om lag 38 mill for heile landet, vere avgjerande for korleis ein skal løyse varsling, styring og leiing. Korleis ein organiserar varsling, styring og leiing, må kome fram som ein konsekvens av framtidig organisering av brann- og redningsteneste sitt behov og må difor ikkje vurderast isolert.

TILRÅDING

Dei 6 kommunane i Vest Telemark som utgjer Vest Telemark Brannvesen pr. i dag meiner at å satse på ein fylkesvis eller regionvis modell ikkje er aktuelt pga store avstandar og lite nærhet til leiing. Det vil også gå uforholdsmessig mykje tid til transport av personell ved tilsyn- øvingar-kampanjer o.l, for skal ein ha gevinsten med fagmiljø, så må desse lokaliserast under same tak sentralt.
Den fornuftigaste vegen å gå må vera å sjå på kommunestrukturen fyrst for så å sjå kva for regionar/samarbeidsformer det vil koma ut av det før ein endeleg vel organiseringsmodell for brannvesenet.
Det ein veit pr. i dag er at ein har ein region med 6 kommunale beredskapstyrkar som bør kunne slåast saman til ein enhet ihht til risiko og sårbarhetsanalysa som ligg føre, slik som forebyggande/feiing er i dag.
Dette vil utan tvil styrke både beredskapssida og ledarsida fordi det vil bli enklare å arrangere heilhetlege gode øvelsar i kommunane slik at leiing/mannskap får samøving.
Det vil også gjere det enklare å lage planar med hensyn på fornying av utstyr og liknande
Samarbeid med andre etatar som politi/ambulanse/røde kors og sivilforsvar eksisterar alt i dag, men vil også bli enklare å håndtere om alt blir under ein paraply. Det viktigaste målet med å gå inn for større organisasjonar, må vere å oppnå eit sterkare samvirke, meir integrering og samlokalisering mellom politi, helse og brann.

Ein har elles eit samarbeid med det lokale el tilsyn i regionen, både når det gjeld førebygging og etterforskning. Vi er pr. i dag samlokalisert. Dette samarbeidet har ein planar om å utvikle ytterlegare i åra som kjem.
Me er samde med Brannstudien i at meir samarbeid og større organisasjonar for brann- og redningstenesten, vil styrke det førebyggande arbeidet, beredskapen og

evna til å handtere større hendingar. Det vil likevel vere ei klar grense for kor store organisasjonar kan bli, før pendelen slår andre vegen.

Det står også at DSB og brann- og redningstenesten i samarbeid kjem fram til m.a eit standardkrav til køyretøy og korleis dei er utrusta. Dette vil etter vårt syn vere ein stor fordel, slik at ein lett kan bruke andre bilar enn sin eigen under store hendingar, der mannskap frå fleire brannvesen samarbeider.

Med venleg helsing

……	……..
Hilde Alice Vågslid	Arne Vinje
Tokke kommune,ordførar	Vinje kommune,ordførar
……..	……..
Torstein Tveito	Jon Svartdal
Kviteseid kommune,ordførar	Seljord Kommune, ordførar
……..	……...
Erik Skjervagen	Halvor Homme
Fyresdal kommune,ordførar	Nissedal kommune,ordførar

Med helsing

Tore Metveit

Tore Metveit
Brannsjef

Sak 23/2014 Revidert fylkesvegplan (ATP). Mogleg felles/samordna høyringsuttale frå Vest-Telemark. Forslag til prosess.

Bakgrunn:
I samband med arbeidet i 2012 med *"Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2014 – 2025"*, vart kommunane i Vest-Telemark samde om å prioritere Fv 355 Tjønnefoss – Krossli, Fv 38 Vrådal – Dalen – Åmot og Fv 37 Åmot – Rauland som dei viktigaste fylkesvegane i vår region. Saman med strekningen Tjønnefoss – Vrådal på Rv 41 utgjer desse vegane det vi kallar for "Telemarksvingen".
I samband med rulleringa av Areal og transportplanen ber ein no om synspunkt i høve til mogleg felles/samordna høyringsuttale frå Vest-Telemark.
Børge Skårdal i Vest-Telemark Næringsutvikling har spela inn eit forslag til disposisjon og mogleg prosess i samband med dette. Innspelet inneheld også forslag til hovudgrep/prioritering samt forslag til aktuelle tiltak.
Oppsummert inneheld forslaget fylgjande:

Disposisjon i høve til mogleg felles uttale/felles uttaledokument:
- *For strategisk viktige fylkesvegar (Telemarksvingen) vert det utarbeidd felles uttale med basis i tidlegare strategi/prioritering*
- *For øvrige fylkesvegar legg ein opp til at kvar enkelt kommune kjem med uttale*
- *Fellesuttala/enkeltuttalene vert samla i eitt dokument og spela inn til Telemark fylkeskommune*

Prosess:
- VTNU utarbeider forslag til felles uttale med etterfylgjande kommunal handsaming.
- Forslag til justert uttale saman med enkeltuttalene frå kommunane vert lagt fram for Vest-Telemarkrådet. Dei kommmunale uttalene er naturlegvis ikkje gjenstand for endringar i Rådet, men vil ligge til grunn i fellesdokumentet frå regionen.

Prioritering:
- *Opprusting av Fv 355 held fram*
- *For aksen Fyresdal – Dalen – Åmot- Rauland er det størst behov for tiltak på strekningen Holtebru – Dalen – Åmot*
- *Andre delstrekningar, som t.d. Åmot – Rauland treng utbetring av aktuelle enkelttiltak i form av kurveutretting, breiddeutviding og siktforbetring*

Døme på aktuelle punkt i ei uttale:
- *Krav om gjennomgåande analyse av tiltaksbehov og kostnader*
- *Peike på spesielt krevjande/utrygge parti*
- *Gjenta hovudgrep og prioritering*

Forslag til vedtak:
Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til disposisjon, prosess, prioritering og aktuelle uttalepunkt. I tråd med forslaget til prosess vil forslag til samla uttale bli lagt fram for Vest-Telemarkrådet for endeleg godkjenning.

Vest-Telemarkrådet

6. feb 2014

Revidert fylkesvegplan (ATP)

Felles/samordna høyringsuttale til areal- og transportplanen frå Vest-Telemark?

Hovudvegnettet i Vest-Telemark



Stipla line:
Telemarksvingen

Disposisjon av evt. felles uttale

a. For strategiske fylkesvegar (Telemarksvingen):

   Felles uttale og prioritering med basis i tidlegare strategi.

b. For øvrige fylkesvegar og andre forhold knytt til areal, kollektiv m.m.:

   Kvar kommune kjem med si uttale.

A og B blir tatt inn i eit felles dokument og sendt over samla til TFK.

Prosess

1. VTNU lagar forslag til høyringsuttale for det som gjeld strategisk viktige fylkesvegar.
2. Kommunal handsaming og tilbakemelding.
3. Forslag til justert uttale om strategisk viktige fylkesvegar, i tillegg til dei kommunale uttalene (6 stk), blir lagt fram samla for Vest-Telemarkrådet. VTR gjer endeleg vedtak.
4. Dei kommunale uttalene blir ikkje endra.

Hovudgrep - prioritering

a. Opprusting av FV355 held fram (forsterking, mindre tiltak og nytt dekke). Jfr. inneverande plan og avtale TFK og Fyresdal kommune.
b. For Vrådal-Holtebru og Fyresdal-Krossli er det gjort investeringar dei siste åra. Det er derfor ikkje naturleg med store, nye investeringar der nå.
c. For aksen Fyresdal-Dalen-Åmot-Rauland er det størst behov for tiltak på strekninga Holtebru-Dalen-Åmot.
d. Enkelte delstrekningar Åmot-Rauland treng tiltak i form av kurveutretting, breiddeutviding og siktforbetring.

Hovudgrep – tiltak
Dette er punkt som kan vere aktuelle i ei uttale

1. Krevje ei gjennomgåande analyse av tiltaksbehov og kostnadar med basis i:
   - Definert minimum vegbreidde
   - Definert minste kurveradie
   - Siktrydding, grøfterensk, skulderforsterking og sikringstiltak (sideterreng, autovern).
2. Peike på spesielt krevjande/utrygge parti
3. Gjenta hovudgrep og prioritering (førre bilete)

Ullensvang
Hardangervidda
nasjonalpark
Tinn
Vinje
Vågsli
E134
Haukeli
Rauland
Hjartdal
Seljord
Åmotsdal
Langlim
Åmot
Flatdal
Seljord
Tokke
Høydalsmo
E134
Morgedal
Bykle
Dalen
Kviteseid
Kviteseid
Vrådal
Veum
41
Fyresdal
Kyrkjebygda
Valle
Fyresdal
Nissedal
Drangedal
Treungen
Haugsjåsund
Bygland
Gjerstad
Åmli